

Søknad – Byregion Fase 2

Søknadsnr.	2015-0014	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017)			
Prosjektnavn	Utviklingsprosjektet for LLS - fase 2			

Kort beskrivelse

Etter fullført fase 1 i Byregionprogrammet søker vi med dette på fase 2. Fase 1 vart gjennomført i samarbeid mellom kommunane Leikanger, Luster og Sogndal. Det er Sogndal som formelt er søkjarkommune gjennom Sogn Næring AS, som sit med prosjektadministrasjon.

Prosjektbeskrivelse

I fase 1 av programmet vart det gjennom ulike typar arbeid som vedlagde prosjektplan beskriv, identifisert fleire utfordringar og flaskehalsar for verdiskaping for arbeidsmarknadsregionen som heilheit. Desse utfordringane har leia fram til tre ulike tema som prosjektgruppene ynskjer å arbeide med i fase 2 av programmet. Valde tema er formulert på bakgrunn av behov frå næringslivet i kombinasjon med identifiserte utfordringar frå forskningsarbeid. Dette står omhandla i samfunnsanalysa i vedlagde prosjektplan.

I fase 2 ynskjer vi å utvide størrelsen på prosjektgruppene og aktivitetsnivået. Hensikten med dette er å legge meir tyngde i arbeidet inn mot dei kommunale prosessane.

Jamfør kriteria i utlysingsteksten for fase 2 inneheld denne søknaden ein:

- 1) Prosjektplan for ein treårig prosjektperiode med beskrivelse av mål, milepæler, organisering. Dette igjen har også ein omtale av kva kommunar og eventuelt andre aktørar som deltek i prosjektet, samt oppgåve- og arbeidsfordeling mellom desse, beskriving av aktivitetar, og budsjett og finansieringsplan. Prosjektplanen inkluderer også ein risikovurdering og -håndtering for heile perioden.
- 2) Ein vurdering av samanhengen mellom funn i samfunnsanalysen om samspelet i regionen, valg av prioritert samfunnsområde/tema i fase 2 og økonomisk vekst i regionen som heilheit
- 3) Kriteria ber også om ein vurdering av av koplinga mellom planlegging og gjennomføring av strategiar og tiltak med aktuelle regionale og kommunale planprosessar. I denne samanhengen viser vi til at tema er i stor grad overensstemmelse med ulike deler av kommuneplanane i dei tre kommunane. Kjelder:

Sogndal - <http://sogndal.custompublish.com/kommuneplan-samfunn.170842.nn.html>

Leikanger - <http://www.leikanger.kommune.no/planar-og-dokument.170961.nn.html>

Luster - <http://www.luster.kommune.no/planar-og-prosjekt.162387.nn.html>

4) Ein vurdering av tilknytning til målet for utviklingsprogrammet, dvs. av korleis prosjektet sitt mål kan bidra til utviklingsprogrammet sitt overordna mål.

Fase 2 av Byregionprogrammet vil som i fase 1 verte administrert av Sogn Næring AS. Ny prosjektleiar vil verte utlyst etter eventuell bekreftelse av tilsagn frå KMD.

Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner: Ja
KMD la følgjande vilkår til grunn for fase 1 (jfr. utlysingstekst):

- Politisk forankring av deltaking i samtlege deltakarkommunar i byregionen.
- At det blir gjennomført eller lagt til grunn ei dekkjande samfunnsanalyse av det økonomiske samspelet mellom by og omland, med sikte på å identifisera faktorar som kan hindre regional utvikling.
- Deltaking i nasjonalt nettverk mellom byregionane i regi av Kompetansesenter for distriktsutvikling (KDU).
- At byregionen svarar på evalueringsspørsmål frå departementet.

Alle kriterier er oppfylt før prosjektslutt. Dokumentasjon ligg vedlagt denne søknaden.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sogn Næring As Org.nr:991493409	Trolladalen 30 Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	41637034
Kontakt- person	Per-Odd Grevsnes	Trolladalen 30 Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	41637034
Prosjekt- leder	(vert utlyst)	-	-

Geografi

1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1426-Luster

Spesifikasjon

Bakgrunn

Jamfør utlysingsteksten ynskjer Kommunal- og moderniseringsdepartementet – KMD – å leggje til rette for positiv utvikling i byregionar. Byregionprogrammet skal auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og det næringsmessige potensiale i regionane. Det er eit mål at den auka kunnskapen skal bidra til strategiar og tiltak som styrkjer regionen som heilheit.

Arbeidsmarknadsregionen beståande av kommunane Leikanger, Luster og Sogndal søkte i 2014 og fekk tilsagn for fase 1 av programmet.

Prosjekt mål

Målet var at prosjektarbeidet skulle identifisere flaskehalsar for verdiskaping i regionen. Etter ei

gjennomført samfunnsanalyse har vi i rapporten konkludert med tre ulike tema. For fase 2 vil vi jamfør kriteria til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet arbeide oss fram til politisk forankra og styrde kommunale tiltak og strategiar som imøtekjem desse utfordringane.

Desse tiltaka og strategiane vil ha som mål å auke det økonomiske utbyttet av samhandling mellom næringslivet og kommunane på tvers av kommunegrensene. Dette er i tråd med Byregionprogammet sitt overordna mål.

Forankring

Deltaking i fase 2 er formelt forankra i formannskapa i Luster og Sogndal veke 18. Dokumentasjon på dette ligg vedlagt. Formannskapet i Leikanger vil behandle saken 7. mai. Dokumentasjon på dette vil bli ettersendt då.

Det kan også nemnast at prosjektet omfamner store deler av næringslivet i regionen. I og med at eit større antal private og offentlige aktørar har vore med på laget sidan prosjektstart er prosjektet uformelt forankra hos desse. Dette ser vi på som eit naudsynt tiltak for prosjektet sin gjennomføring.

Prosjektorganisering

Vi beheld i stor grad organisasjonskartet frå prosjektplanen i fase 1, men med nokre endringar og utvidingar.

Eigargruppe:

- ordfører Olav Lunden – Leikanger
- ordfører Ivar Kvalen – Luster
- ordfører Jarle Aarvoll - Sogndal
- rådmann Odd Arve Rakstad – Leikanger
- rådmann Jarle Skartun – Luster
- rådmann Jostein Aanestad – Sogndal

Styringsgruppe:

- næringssjef Per Holen – Leikanger
- næringssjef Olav Grov – Luster
- næringssjef Per-Odd Grevsnes – Sogndal
- Kjetil Kvåle – dagleg leiar Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Prosjektadministrasjon:

- prosjektleiar vert utlyst sommar 2015

Referansegruppe:

- Tre eller fire representantar frå sentrale nærings- og samfunnsaktørar i regionen. Det er aktuelt å vidareføre representantane frå fase 1, og det er opp til styringsgruppa å endre gruppesamansetninga.

FoU-utvalg:

- Det er hensiktsmessig å ta inn personar med faglig kompetanse som bidragsytarar i prosjektet også i fase 2.
- I fase 1 var dette Torbjørn Årethun frå HiSF, men i fase 2 kan vi også vurdere å ta med aktørar frå Vestlandsforskning eller andre som til dagleg arbeider med aktuelle problemstillingar.

Roller og mandat:

Eigargruppa si oppgåve er å sikre forankringa i kommunane, godkjenne prosjekt og framdrift, samt å definere milepælar for prosjektet. Dei har også muligheit til å avslutte prosjektet dersom det er naudsynt.

Styringsgruppa skal bidra med støtte, råd, instruksjer og kompetanse til prosjektet. Dei er også ansvarlig for kommunikasjon utad og kva som skal formidlast.

Prosjektadministrasjonen ved Sogn Næring AS syter for prosjektleiing og gjennomføring.

Referansegruppene bestod i fase 1 av 3-4 sentrale nærings- eller samfunnsaktørar frå kvar kommune. Desse var hensiktsmessig fordelt på industri, offentlige verksemder, entreprenørar, bank og undervisning. Dette vart gjort for å legge så godt som mulig til rette for at møtene med referansegruppa skal være fruktbare for kunnskapsinnhentinga i prosjektet.

Eigargruppa:

Denne gruppa har overordna styring med prosjektet, sjå «roller og mandat» i punkt over. Eigargruppa har ansvaret for godkjenning av milepælar, men bidreg også med deltaking på arrangement og bedriftsmøter. Gruppa sin funksjon kan samanliknast med aksjonærene i ei ordinær bedrift.

Andre spesielle hovudansvarsområder:

- Avgjerdsla om prosjektet skal søke om opptak til fase 2 inkluderer ein forankringsprosess med kommunestyra i dei tre kommunane.
- Ordførarane er med i prosessen for å utarbeide ein tidsplan for felles formannskapsmøte som angår denne saken.

Bidrag:

- Leverandør av bedriftsbesøk i kvar kommune
- Deltar på Distriktssenteret sine regionale samlingar
- Skal ha regelmessig info om framdrift i prosjektet

Godkjenning av milepæler:

Milepælane vert godkjent og sjekka ut av eigargruppa som grunnlag for vidare arbeid. Styringsgruppa vert brukt som sparringspartner og forankringskilde inn mot kommunane i forkant for å forbetre og inkubere tankegodset.

Leveranse på innhald:

Vert godkjent og sjekka ut av eigargruppa som grunnlag for vidare arbeid. Styringsgruppa vert brukt som sparringspartner og forankringskilde inn mot kommunene i forkant for å forberede og inkubere tankegodset.

Styringsgruppa:

Denne gruppa har jfr. punkt om roller og mandat over ansvaret for oppfølging og styring av prosjektadministrasjonen. Skal fungere om lag som eit styre i ei bedrift, og skal respondere på saker som skjer i prosjektet og gjere kontinuerlege beslutningar og vedtak for framdrift i prosjektet.

Bidrag:

- Behandle, sortere og godkjenne saker.
- Bidra til å utforme ein meir detaljert framdriftsplan for prosjektleiar i henhold til overordna milepælsplan.
- Kommunikasjon og formidling. Skal ha ansvar for å koordinere mediauttale om prosjekt og prosess på vegne av kommunane.
- Møteplan:
 - o Styringsgruppa skal møtast i henhold til en møteplan ca. 1 gang kvar måned.
 - o Planen viser innhold/tema for møtene. Blir fulgt opp av utsendt agenda i forkant av møtene. Planen skal være spikra ca. midten av oktober for resten av fase 1. Innhold må være på plass for disse møtene i henhold til overordna prosessplan.
- Status og utsjekk på økonomi og budsjett. Prosjektleiar legg fram oppdaterte timelister som fast sak på møtene. Styringsgruppa rapporterer samtidig på medgått tid for sine respektive kommunar.

Bidrar med:

- Råd, ressurser, støtte og kompetanse til prosjektansvarlig/prosjektleiar og prosessleiar.

Prosjektadministrasjon:

Det er Sogn Næring AS som har ansvaret for den administrative gjennomføringa av prosjektet. Prosjektadministrasjonen skal gjennomføre prosjektet i tråd med denne planen i dette dokumentet.

Referansegruppe:

Denne gruppa bestod i fase 1 av 3-4 sentrale nærings- og samfunnsaktørar frå kvar kommune. Desse utgjer den organisatoriske koplinga mot næringslivet.

I fase 2 vil referansegruppa spele ein viktig del som bidragsytarar av egne erfaringar og utfordringar.

Faggruppe:

Dette er ei gruppe beståande av personar med ulike typar spisskompetanse innafor relevante områder for prosjektet.

Samarbeidspartnere

Det er til vurdering å samarbeide med SIS-regionen. Vi vil også samarbeide med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning som sit på store mengder relevant forskningsarbeid på aktuelle tema.

Aktiviteter

Innhaldet for fase 2 vil bli utarbeida av ny prosjektleiar i samarbeid med eigar- og styringsgruppe ved estimert prosjektoppstart hausten 2015. I vedlagt prosjektplan for fase 2 er det utarbeida et rammeverk for utførelsen med møtedatoar og –planar gjennom heile perioden. Rammeverket inneheld:

- månedlege styringsgruppemøter
- kvartalsvise eigargruppemøter
- halvårlege referansegruppesamlingar
- frist for utarbeiding av detaljert milepælsplan
- frist for utarbeiding av mediaplan
- frist for identifisering av tiltak
- tidspunkt for formelle aktivitetar

Målgrupper

Prosjektet skal nå ut til politiske miljø, næringslivet og samfunnsaktørar, og befolkninga elles.

Resultat

Resultat av prosjektet skal være i henhold til hensikta til Byregionprogrammet – å auke det økonomiske samspelet mellom by og omland, eller i dette tilfellet samspelet mellom dei ulike sentrumskjernane i arbeidsmarknadsregionen.

Effekter

Sett i lys av dei tema som er valde skal effektane være auka sysselsetting innafor opplevelsebasert reiseliv og nyskapande friluftsliv, reiseliv elles, offentlige arbeidsplassar på Leikanger, og ein styrking av innovasjonskulturen på tvers av kommunegrensene. Den nettverksbygginga som vil skje på tvers av næringsklynger i regionen vil kunne gi ytterligare økonomisk vekst på sikt.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan/budsjett

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Administrative kostnader	10 000	30 000	10 000	50 000
Eigeninnsats	733 333	1 600 000	666 667	3 000 000
Innleigde tenester	200 000	210 000	170 000	580 000
Møte- og reisekostnader	190 000	390 000	190 000	770 000
Prosjektadministrasjon	333 333	800 000	466 667	1 600 000
Sum kostnad	1 466 666	3 030 000	1 503 334	6 000 000

- Prosjektadministrasjon er lønn og sosiale kostnader til prosjektleiar og administrasjon. Kostnadsposten har auka frå fase 1. Dette skyldast at ein ser på fase 2 som ein opptrapping frå fase 1, og det stiller større krav til administrasjonen og aktivitetsnivået.
- Møte- og reisekostnader inkluderer reise og opphald på nettverkssamlingar, fasilitering av prosjektgruppemøter, arrangering av referansegruppemøter, bedriftsmøter og studietur.
- Eigeninnsats er arbeidstimar frå eigar-, styrings-, og referansegruppene. Dette vert spegla mot tilsvarende punkt i finansieringsplanen. Vilkår og satsane vert dei same som er brukt i fase 1.
- Innleigde tenester er fou-tenester og eventuell prosessleiing. Alle andre eksterne tenester vil også måtte gå inn under denne budsjettposten.

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Eigeninnsats frå kommunane	733 333	1 600 000	666 667	3 000 000
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	733 333	1 430 000	836 667	3 000 000
Sum finansiering	1 466 666	3 030 000	1 503 334	6 000 000

- Ein søker om maksimalt tilskot for prosjektperioden. Jamfør utlysningsteksten si presisering om at tilskotet vert gitt for heile prosjektperioden ser vi ikkje det naudsynt å skilje mellom kvart år i finansieringsplanen.
- Under same vilkår som i fase 1 forplikter kommunane seg til å bidra med eigeninnsats.

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektplan Fase 2 ByR - ferdig 210415.pdf	10 514 905	22.04.2015
Saksprotokoll - ByR Fase 2 - Luster.pdf	35 467	30.04.2015
Saksprotokoll - ByR Fase 2 - Sogndal.pdf	25 776	30.04.2015